

Det kongelige Landbruksdepartement  
Akersgt. 59

2003 03044 7

0030 Oslo

ASR/JUR/MA 482

Vår ref.:  
KoSn

Ref.:

Arkiv: V7

**Forslag til ny lov om skogbruk utkast, 04.12.2003****Høringsuttale frå Skodje kommune.**

I Skodje har ein eit produktivt skogareal på ca. 50.000 dekar som ein kan anse som økonomisk drivverdig. Om lag 8.000 dekar av dette er i dag tilplanta med kulturskog. Her er etablert eit stort volum med biomasse på rot der det kan haustast vel 10.000 m<sup>3</sup> pr.år. For å kunne nytte ut denne ressursen må det byggast ut ein del mere skogsvegar samt leveringsplasser for tømmer. Om lag 70 – 80% av areala har vegdekning i dag. Da bruken av virkemiddlar fra staten har endra seg dramatisk dei siste to åra, er det uvisst om vegnettet vil bli endeleg utbygd.

Ei stor utfordring ligger i eigartilhøva, der 203 eigedomar er registrert (eigedomar over 10 daa) i kommunen. Gj.snitt. størelse pr. eigedom er på ca. 250 dekar, som vidare er fordelt på svært mange teigar da det er eit stort behov for jordskifte i utmarka. Frå om lag 1950 og fram til i dag har staten forsøkt å styra skogbruksnæringa med hjelp av offentlege tilskott. Dette har ført til ein storstilt innsats med skogplanting, og ein har lukkast med å bygge opp ein svært stor biomasse som no er klar til å bli hausta. Dersom staten velger å trekka seg ut før vegnettet er bygd ut, vil det bl.a. medføra at ein del kulturskog aldri vil bli hausta.

Forslaget til ny skoglov medfører at kommunen skal setja krav om tiltak, eller syte for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanheng er tvangsgrunnlag for utlegg.

I praksis vil dette bli svært vanskeleg å praktisera av fleire grunnar, bl.a.:

- mangel på kvalifisert arbeidskraft/ maskinelt utstyr
- mangel på skogsvegar i enkelte områder
- uklare eigarforhold
- Låg lønnsemd med hogst kan medføra tap for eigarane dersom ein får store køyreskader.
- ein vil skapa eit konfliktforhold til eigarane i staden for å vera ein medspelar

Her følger ein kommentar til noen paragrafer:

#### §6. Forynging av skog

Her får kommunen ei fenomenal kontrollmyndighet. Denne myndigheita blir svært vanskeleg å føra ut i det praktiske liv. Med om lag 1000 skogeigedomar for ein skogtenestemann fordelt på mange kommunar blir det helt uråd å kartleggja alle hogstflatene hvert år, og så praktisera ei likebehandling på dette området.

Det er ofte lita interesse for eigarane å investera i skogkultur når det er neste generasjon som får hauste av desse investeringane.

#### §7.

Her virkar formålet med vegbygginga uklart, skal vegane byggast for miljøverdiane si skuld? Det går ikkje klart fram at vegane kan nyttast til næringsaktivitet eller at det skal setjast noe krav til lønnsomhet.

#### §10

Dersom kommunen skal iverksette tiltak 2 år etter brann, vindfelling eller skred, vil skogen ofte vera verdiløs. Dette kan lett medføra ekstreme store utgifter for skogeigaren.

#### §14 Innbetaling til skogfond.

Skogfondet virkar ikkje etter hensikten da pengane ikkje blir brukt slik som forutsatt. Skogstrøka har andre forutsetningar enn kva kyststrøka på nordvestlandet har. Da skogfonda i kommunane vokser jamt og trutt over tid, blir ein stor kapital låst. Desse pengane er det lita interesse for å bruka etter lova. Ein dag må desse pengane frigis.


#### §15. Bruk av skogfond.

Her står det at skogfondet skal brukast til langsiktige investeringar. Når så skogsvegar ikkje lenger skal kunne nytta pengar frå skogfondet med skattefordel, blir dette feil. Det må bli enklare å frigi skogfondet når bruken av det er så vidt dramatisk redusert dei siste åra.

#### **Konklusjon.**

I dette forslaget til ny skoglov blir kommunane pålagde ein heil rekke kontrollfunksjonar som det er svært tilsomt at blir fylgt opp i den verkelege verden. Dersom lova blir vedtatt slik som dette kan det lett medføra at lova blir lite brukt, og dermed ikkje få noen rettspraksis, men blir eit historisk dokument utan mål og meining.

For Skodje kommune



Kolbjørn Snekvik  
Skogbrukssjef